
Vår referanse 2021/1270-2
Dato 02.02.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Løyve - Dispensasjon frå byggegrense - terrasse - fv 5476 Skarsvegen - gnr 145
bnr 36 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 14.01.2021.

Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5476 Skarsvegen for å oppføre terrasse/tilbygg på eksisterande eigedom av gnr. 145 bnr. 36 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 14.01.2021.
2. Avstanden frå terrassen til senterlina på fylkesvegen skal vera minst 20 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tilbygg må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at terrassen ligg nær fylkesveg 5476.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafiktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Det er søkt om å oppføre terrasse/tilbygg på bustadeigedom av gnr. 145 bnr. 36 i Alver kommune. Fylkesveg 5476 (tidlegare fv. 404) Skarsvegen og delar av eigedomen med tilhøyrande avkøyrslø er regulert i reguleringsplan; Fv 404 Skarsvegen. Eigedomen er innlemma i både reguleringsplan og elles i kommunedelplan. I begge planane er eigedomen avsett/regulert til bustadføremål.

Terrassen vil på det næraste kome 20 meter frå senterlina på fylkesvegen. Terrassen vil også plasserast på den sida av bustadhuset som vender vekk frå fylkesvegen, og vil med dette vere skjerma frå biltrafikken.

Alver kommune har i oversendingsbrev dagsett 14.1.2021 bede oss om å ta avgjerd i denne saka etter veglova. Vestland fylkeskommune innvilger dispensasjon og gir med dette løyve til oppføring av terrasse på eigedom av gnr. 145 bnr. 36 i Alver kommune.

Rettt til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift